



Utval: Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 02.09.2020
Møtetid: 09:00 – 11:40

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Tone Bøhn	Medlem	HMS-ansvarleg
Vigdis Øverland	Medlem	Fagforbundet
Ronde Schade	Medlem	Kommunalsjef
Sigbjørn Tvitekkja	Medlem	Hovedvernombod
Frid Berge	Leiar	Konstituert rådmann
Astrid Brockhus	Medlem	Bedriftshelsen
Lillian Olsen Opedal	Medlem	Kommunalsjef
Øyfrid Garborg S Aufles	Medlem	Utdanningsforbundet

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
------	----------

Øyfrid Garborg S Aufles, Utdanningsforbundet, reiste kl. 11:10.

Protokollunderskrifter:

Frid Berge

Vigdis Øverland

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 18/20	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
PS 19/20	Avvik som har kome inn	
PS 20/20	Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2020	
PS 21/20	Årsmelding for AMU 2019	
PS 22/20	Årsrapport for Bedriftshelsen AS sitt arbeid i Seljord kommune 2019	
PS 23/20	Rapport frå Bedriftshelsen AS om helseundersøking blant reinhaldarane i Seljord kommune	
PS 24/20	Kompensasjon for meirarbeid i samband med beredskap knytt til korona	
PS 25/20	Arbeidsmiljøsaker med bistand frå Bedriftshelsen AS	X

Saker til handsaming

PS 18/20 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Protokollen frå møtet 3. juni 2020 vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Protokollen frå møtet 3. juni 2020 er godkjent.

PS 19/20 Avvik som har kome inn

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Forslag til nytt vedtak i AMU:

AMU tek avvik som er kome inn til vitande. AMU etterlyser eit betre system for oppfølging av avvik, og ber om at det vert utvikla ei rutine for dette. Dersom det er avvik som ikkje er lukka, vert det adressert i AMU sine møte kven som skal følge opp vidare. Saka skal følgast opp vidare med ny sak til neste møte.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU tek avvik som er kome inn til vitande. AMU etterlyser eit betre system for oppfølging av avvik, og ber om at det vert utvikla ei rutine for dette. Dersom det er avvik som ikkje er lukka, vert det adressert i AMU sine møte kven som skal følge opp vidare. Saka skal følgast opp vidare med ny sak til neste møte.

PS 20/20 Orientering om sjukefråvær 2. kvartal 2020

Rådmannen si tilråding:

Orienteringa om sjukefråværet 2. kvartal 2020 vert teke til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Saka er ikkje klar frå administrasjonen.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Oversikt på sjukefråvær 2. kvartal 2020 er ikkje klar frå administrasjonen si side. Oversikten vert sendt ut til AMU så snart den er klar.

PS 21/20 Årsmelding for AMU 2019

Rådmannen si tilråding:

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Hovedvernombod v/Sigbjørn Tvitekkja har innspel til sjukefråvær som kjem fram i årsrapporten. NAV rapportera mykje høgare sjukefråvær for Seljord kommune som bedrift enn det vi gjer sjølv. I våre eigne tal ligg også eigenrapportera sjukefråvær. Hovedvernombod ønskjer ikkje å godkjenne rapporten før tala er kvalitetssikra. HVO ber om at NAV vert invitert til å leggje fram sine statistikkar på sjukefråvær i neste møte i AMU.

Forslag til nytt vedtak i AMU:

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019, for utanom tala knytt til totalt sjukefråvær i prosent. Våre eigne tal for sjukefråvær har for stort avvik frå NAV sine tal. AMU ber om at tala knytt til sjukefråvær vert kvalitetssikra. Rapporten vert ikkje sendt vidare til Administrasjonsutvalet før heile rapporten er godkjent. Saka kjem opp som ny sak i neste møte.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2019, for utanom tala knytt til totalt sjukefråvær i prosent. Våre eigne tal for sjukefråvær har for stort avvik frå NAV sine tal. AMU ber om at tala knytt til sjukefråvær vert kvalitetssikra. Rapporten vert ikkje sendt vidare til Administrasjonsutvalet før heile rapporten er godkjent. Saka kjem opp som ny sak i neste møte.

PS 22/20 Årsrapport for Bedriftshelsen AS sitt arbeid i Seljord kommune 2019

Rådmannen si tilråding:

AMU tek årsrapporten for Bedriftshelsen AS sitt arbeid i Seljord kommune i 2019 til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU tek årsrapporten for Bedriftshelsen AS sitt arbeid i Seljord kommune i 2019 til vitande.

PS 23/20 Rapport frå Bedriftshelsen AS om helseundersøking blant reinhaldarane i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa om Bedriftshelsen AS sin helseundersøking blant reinhaldarane i Seljord kommune til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU tek orienteringa om Bedriftshelsen AS sin helseundersøking blant reinhaldarane i Seljord kommune til vitande.

PS 24/20 Kompensasjon for meirarbeid i samband med beredskap knytt til korona

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram utan tilråding.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Forslag om vedtak i AMU:

AMU ber om at meirarbeid vert kompensert med løn og at det ikkje vert avspasert. Det å avspasere nå gjev ei for stor belastning for kommunen. AMU ber om at dei tilsette held arbeidstida så langt det er mogleg, og ikkje sender e-post til tilsette på kveldstid og helg i utrengsmål. I tillegg må det formidlast til tilsette at om dei får ein e-post etter arbeidstid, så er det ikkje forventa at dei les den før i ordinær arbeidstid. AMU ber om at det vert etablert ei særavtale knytt til kompensasjon for meirarbeid jf. beredskapssituasjonen våren 2020.

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU ber om at meirarbeid vert kompensert med løn og at det ikkje vert avspasert. Det å avspasere nå gjev ei for stor belastning for kommunen. AMU ber om at dei tilsette held arbeidstida så langt det er mogleg, og ikkje sender e-post til tilsette på kveldstid og helg i utrengsmål. I tillegg må det formidlast til tilsette at om dei får ein e-post etter arbeidstid, så er det ikkje forventa at dei les den før i ordinær arbeidstid. AMU ber om at det vert etablert ei særavtale knytt til kompensasjon for meirarbeid jf. beredskapssituasjonen våren 2020.

PS 25/20 Arbeidsmiljøsaker med bistand frå Bedriftshelsen AS

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa om kommunen sitt behov for bistand frå Bedriftshelsen AS i tre ulike arbeidsmiljøsaker til vitande.

Handsaming i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 02.09.2020

AMU tek orienteringa om kommunen sitt behov for bistand frå Bedriftshelsen AS i tre ulike arbeidsmiljø saker til vitande.